



Tingveggen på Gulattinget. Foto: David Zadig

Kulturkonferansen i Vestland

16. oktober 09.00–15.00 – digital konferanse

«Kulturens samfunnsbyggande kraft»

Korleis kan kunst og kultur bidra i samfunnsutviklinga og styrkje fellesskapa i Vestland?

Hovudbodskapen i kulturmeldinga er at kunst og kultur er ytringar med samfunnsbyggande kraft. Eit rikt og variert kulturliv er ein føresetnad for ytringsfridom, ei opplyst offentlegheit og demokrati. Konferansen tek opp spørsmål som på ulike måtar knyter seg til kultur som kraft i samfunnsutviklinga.

Konferansen har tre hovudtema:

Grønt vegkart for kultur

Kva kan liggje inne av nye og meir miljøvenlege løysingar i vegkartet, og kva inneber satsinga for Vestland? Gjennom Grønt vegkart for kultur skal kultursektoren bidra til ei meir berekraftig utvikling for Norge.

Kultur under pandemien

Kva er utfordringane vel eit halvt år etter nedstenginga, og korleis bør vi møte dei? Smitteverntiltaka i samband med koronapandemien har hatt omfattande økonomiske konsekvensar for kulturlivet. Samstundes er nye digitale tilbod utvikla, og digitaliseringa har endra styrkeforholdet mellom aktørane.

Kommune 3.0 – medborgarskap og meistring

Korleis samskaper og samhandlar vi i den nye kommune- og fylkesstrukturen i Vestland? Kommune 3.0 er samskapingskommunen der politikanane, tilsette, innbyggjarane og næringslivet saman finn ut korleis eit behov eller ei utfordring skal møtast. Målet er meistring og ansvarleggjering av eigne innbyggjarar.



Praktisk informasjon

Fullstendig program, samt informasjon om påmelding og digital tilgang kjem etter sommaren.

Bidragstatarar

Mange av bidragstatarane er allereie stadfesta, og fleire vil kome til.

- Linnea Svensson, prosjektleiar Grønt veikart for kunst- og kultursektoren
- Anne Romsaas, seniorrådgjevar forskning, innovasjon og digitalisering i KS
- Simen Bjørgen, direktør Kulturminnefondet
- Leo Grünfeld, forskningsleiar/partnar Menon Economics
- Kristin Danielsen, direktør Norsk kulturråd
- Øystein Strand, konstituert direktør Kulturtanken
- Line Anni Solbakken, spesialrådgjevar kultur og utdanning KS
- Hilde Bjørkum, kommunalsjef kultur og idrett Sunnfjord kommune
- Frode Lindtvedt, avdelingsdirektør lokaldemokrati, europapolitikk og internasjonalt arbeid KS
- Torkel Øien, rådgjevar Norsk kulturskoleråd og rådgjevar KS
- Ørjan Stubhaug, rådgjevar Sunnfjord kommune
- Leikny Haga Indergaard, biblioteksjef Bergen offentlige bibliotek
- Terje Heggheim, kommunedirektør Kinn kommune
- Håvard B. Øvregård, seniorrådgiver verdiarbeid Norges idrettsforbund
- Natalia Golis, fylkesvaraordførar Vestland fylkeskommune
- Stian Davies, leiar hovudutval for kultur, idrett og integrering, Vestland fylkeskommune
- Per Morten Ekerhovd, fylkesdirektør avdeling for kultur, idrett og inkludering, Vestland fylkeskommune

Kontaktperson

Siri Ingvaldsen
seksjonssjef kulturformidling
avdeling for kultur, idrett og inkludering, Vestland fylkeskommune
Telefon: 907 89 828
E-post: Siri.Ingvaldsen@vlfk.no